

Instruks for koordinatinnmåling av private VA-anlegg/stikkleidningar

VA- kontoret i Giske kommune krev at alle nye private stikkleidningar og utsyr skal koordinatfestast. Innmålingane skal sendast til kommunen saman med VA-ferdigmelding. Ferdigattest i byggesaka blir ikkje gitt før VA-ferdigmeldinga er godkjent av VA-kontoret.




Instruksen baserar seg på VA-norma for Sunnmøre og standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.

- Alt nytt utvendig VA-anlegg skal koordinatfestast med X-, Y- og Z-koordinatar.
- Alle koordinatar skal registrerast i UTM_{EUR89} Sone 32 med nøyaktigheit på +/- 0,15 meter.
- Alle høgder skal visast som meter over havet med nøyaktigheit på +/- 0,05 meter.
- Leidningar og installasjonar skal beskrivast med objekttype i innmålingsdataen. I tidligare versjonar av SOSI- standarden blei temakodar brukt, dvs. ein kum blei kalla temakode 8250. I dag heiter objekttypen «Kum», og det er dette namnet som no skal brukast,
- Leidningar skal målast inn som linjeobjekt, og vere samanhengande frå eit installasjonspunkt til neste installasjonspunkt.
- Koplingspunkt, utvendig stengventil, kummar, retningsendringar etc. skal målast inn som punktobjekt.
- Sjølvfallsleidningar skal alltid målast i fallretninga, slik at retninga på linjeobjektet stemmer med fallretninga på leidningen
- Innmålingsdatan skal leverast digitalt i SOSI-format.
- Det skal leverast ein situasjonsplan som der innmålingsdatan går fram

Situasjonsplan

Det skal leverast inn ein situasjonsplan i ein fornuftig målestokk. Planen skal vise koplingspunkt til offentleg leidning, røyrtrase, kummar, stakepunkt, stoppekran og røyr dimensjon. Det skal gå tydeleg fram kva som er eksisterande og kva som er nye leidningar.

Alle aktuelle leidningar skal visast med følgjande fargekodar:

Ledning	Farge	Symbol
Vatn	Blå	
Spillvann	Grønn	
Overvann	Svart	
Drens	Brun	